

VETERANPLAN

FOR SOGNAREGIONEN



Foto: Forsvaret

Tittel: Veteranplan for Sognaregionen

Utgitt/vedteke: xx

Kontakt: xx

Administrativ arbeidsgruppe for veteranplanen:

Kristin Rundsveen Bøtun, Sogndal kommune (prosjektleder)

Gunn Lerøy, kommunedirektør Lærdal kommune

Steinar Søgård, kommunedirektør Aurland kommune

John Olaf Røhme, kommunalsjef helse, Luster kommune

Mette Hestetun Berg, kommunedirektør, Årdal kommune

Hildegard Valland, kommunalsjef helse og velferd, Vik kommune

Planen er utarbeida i samspel med **Forsvarets Veterantjeneste (FVT)**, **Regionalt ressursenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging avdeling Vest (RVTS Vest)**, og **Norges Veteranforbund for Internasjonale Oppdrag (NVIO) avdeling Sogn og Fjordane**.

Ekstra stor takk til referansegruppa med veteranar som har bidrege i arbeidet:

Eilif Rosnæs

Andreas Handegard

Vidar Vadseth

Anders Berqvam

Foto: Kristin Rundsveen Bøtun

Forord/ helsing frå ordførarane

OM VETERANPLANEN

Veteranar har gjort ein viktig innsats for Noreg gjennom teneste i internasjonale operasjonar. Mange av dei bur i våre lokalsamfunn, og både veteranane og familiane deira kan ha behov for støtte og oppfølging. Det er eit felles ansvar å anerkjenne innsatsen og sikre gode ordningar lokalt. Kommunane ei sentral rolle i veteranarbeidet. Det er på det kommunale nivået at utfordringane for veteranar og deira familiar ofte kjem tydelegast til syne, og difor må kommunane ha både kompetanse, struktur og vilje til å følge opp.

Veteranane er ein ressurs for samfunnet, men nokre kan ha behov for særskild oppfølging. Staten har lagt føringar gjennom den nasjonale veteranpolitikken, der hovudprinsippa er **anerkjenning, ivaretaking og oppfølging**. Kommunane og regionane har ei viktig rolle i å sikre at desse prinsippa blir følgde lokalt.

Denne regionale veteranplanen for Sognaregionen skal bidra til at veteranane blir verdsette, får nødvendig oppfølging og opplever at kommunane er tilgjengelege og inkluderande. Planen byggjer på nasjonale føringar og lokale behov, og skal styrke samarbeidet mellom kommunane, frivillige organisasjonar og offentlege aktørar.

Overordna målsetjingar for veteranarbeidet i Sognaregionen:

- 1. Anerkjenning**
Sognaregionen skal anerkjenne, ivareta og følge opp veteranar før, under og etter internasjonal teneste for Noreg, og bidra til at dei og familiane deira får tryggleik, respekt og støtte i eigen region.
- 2. Felles ivaretaking og oppfølging**
Sognaregionen skal leggje til rette for god samhandling mellom kommunar, offentlege tenester og frivillige aktørar, slik at veteranar møter eit heilskapleg og kompetent tenestetilbod uavhengig av bustadkommune.
- 3. Styrka kunnskap og forståing**
Sognaregionen skal arbeide for auka kompetanse og forståing om veteranar og deira situasjon i alle relevante tenester, slik at møtet med det offentlege pregar av respekt, kunnskap og samarbeid.
- 4. Informasjon og medvit**
Veteranarbeidet i Sognaregionen skal fungere som ei felles plattform for informasjon, kunnskapsdeling og medvit, både for veteranar, tenesteytarar og lokalsamfunnet som heilskap.

BAKGRUNN

Fridom er ikkje noko vi kan ta for gitt. Det er lenge sidan det var krig i Norge, men verda rundt oss er stadig meir omskifteleg. Ein uroleg verdsbilete - også i våre nære område, minner oss om at vår fridom må vernast om på mange arenaer. Norske soldatar, polititjenestefolk og sivilt personell har gjort ein viktig innsats for å fremje fred og tryggleik – på våre vegner.

Veteranarbeid er eit felles samfunnsansvar. Kommunane i Sogn har eit særleg ansvar for å sikre at veteranar og deira familiar vert møtt med anerkjenning, ivaretaking og oppfølging. Denne veteranplanen byggjer vidare på Regjeringa si nasjonale oppfølgingsplan og ferske tiltaksplan, og skal vere eit verktøy for å styrkje samarbeidet mellom kommunen, Forsvaret, NAV, Forsvarets veteraneneste, Regionalt ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoedsførebbygging (RVTS), Skadde i internasjonale operasjonar (SIOPS), og Norges Veteranforbund for Internasjonale Oppdrag (NVIO) (m.fl.).

Veteranpolitikken kom på dagsordenen med stortingsmeldinga *Frå verneplikt til veteran* (2008–2009) og regjeringa sine handlingsplanar frå 2011 og 2014. Målet har heile tida vore betre samhandling og lokale tiltak for oppfølging av personell som har vore i teneste. Veteranorganisasjonar og regjeringa peikar framleis på behov for forbetring. Difor kom Regjeringa si tiltaksplan for **anerkjenning, ivaretaking og oppfølging** av veteranar (2024–2028). Planen understrekar at vi må styrkje kompetansen om veteranar og familiene deira, og gjere kunnskapen meir tilgjengeleg. Regjeringa oppmodar kommunar og regionar til å utvikle eigne veteranplanar som sikrar god oppfølging og samarbeid på alle nivå.

Fleire innbyggjarar i kommunane i Sogn har gjennom si teneste i internasjonale operasjonar representert Noreg under krevjande forhold. Desse kvinnene og mennene har utsett seg sjølv for store belastningar – fysisk, psykisk og sosialt – for å bidra til fred og tryggleik i verda. For dei fleste går det bra etter heimkomst, men nokre opplever utfordringar, og nokre får varige plager. Slike erfaringar kan også påverke familien og dei pårørande, som ofte tek dei største belastningane på heimebane gjennom bekymring, uvisse og ansvar i kvardagen.

Veteranar og deira familiar har ulike behov for støtte og oppfølging, både før, under og etter teneste. Difor er det viktig at kommunane har system for å møte desse behova – med respekt, forståing og samhandling på tvers av sektorar.

Foto: Jan Kai Torvanger

KVEN ER VETERAN?

Sidan 1947 har over 120 000 nordmenn delteke i militære og sivile operasjonar i utlandet, i meir enn 100 oppdrag på fire kontinent. Sidan FN-operasjonen i Libanon starta i 1978 har over 40 000 kvinner og menn bidrege i fredens teneste for Noreg og det internasjonale samfunnet.

I 2023 utvida Forsvaret definisjonen av «veteran». Ein veteran er no alle som har gjort teneste i Forsvaret, både i internasjonal og nasjonal teneste, inkludert førstegongsteneste – militær eller sivil. Endringa er gjort for å anerkjenne at nasjonal innsats kan vere like viktig som internasjonale operasjonar, og at alle som har bidrege til å trygge landet fortener respekt og omtanke.

Den regionale veteranplanen gjeld derfor for:

- Veteranar frå både nasjonal og internasjonal teneste i Forsvaret.
- Familiene til veteranane, som ofte har ei sentral rolle i å støtte før, under og etter teneste.
- Norske statsborgarar som har delteke i fredsbevarande, fredsskapande eller statsbyggjande innsats i andre land, også frå utanriks-, justis- og forsvarssektoren.

Den nye veterandefinisjonen omfattar òg personell som delteke i skarpe oppdrag i Norge, og i oppdrag som Operasjon Ellisiv, der norske soldatar trenar ukrainske styrkar i samarbeid med allierte. Dette arbeidet skjer både i Noreg og i fleire europeiske land, og er ein del av Nansen-programmet for langsiktig støtte til Ukraina. Innsatsen viser at veteranarbeidet må inkludere personell frå pågåande operasjonar, og at talet på veteranar vil halde fram med å auke i åra som kjem.

Planen skal vere inkluderande og open for alle veteranar og familiane deira som ønskjer å delta i tiltak eller nytte tilbod. Målet er å sikre anerkjenning, ivaretaking og oppfølging – uavhengig av type teneste.

Dette betyr at talet på veteranar aukar monaleg, og at veteranarbeidet må tilpassast ei breiare målgruppe. Kommunar og regionar får eit større ansvar for å sikre informasjon, oppfølging og tilbod som er relevante for både tidlegare og noverande tenestegjerande og familiane deira.



Illustrasjon: Forsvarets Veterantjeneste

TILTAKSPLAN PER INNSATSOMRÅDE

ANERKJENNING

Sognaregionen skal anerkjenne, ivareta og følge opp veteranar før, under og etter internasjonal teneste for Noreg, og bidra til at dei og familiane deira får tryggleik, respekt og støtte i eigen region.

Foto: Forsvare

Tiltak	Skildring	Ansvar	Frist
8. mai: Frigjerings- og veterandagen	8. mai er Norge sin frigjerings- og veterandag. Dette er den viktigaste dagen for å markere anerkjenning av veteranar frå andre verdskrig og fram til i dag. 1) Informasjon om dagen på kommunane sine heimesider, samt utsending av pressemelding 2) Blomster på minnestein i Aurland (ordfører ned krans i Gudvangen ved bauta i Fetagata, og ved Flåm kyrkje på grava til Kaptein Kägi.) Lærdal (ordfører legg ned krans ved soldatgrav på kyrkjegarden i Borgund) Årdal, Sogndal (Minnesmerke Lægreid ifm felles seremoni) 3) Arrangement i Sogndal ettermiddag 8. mai (rullerande lokasjon avklarast med NVIO om ynskjeleg) a) Markering ved minnesmerke med kransenedlegging og tale ved ordfører i regionen b) Treff for veteranar m/familiar med servering c) Foredrag el.l vurderast årleg i lag med NVIO/ veteranorganisasjon, ope for alle interessert/engasjerte Kommunane står for arrangement pkt. 1-3b.	Veterankontaktar (Aurland: Kommunalområde Samfunnsutvikling ved kulturkonsulent ordnar med det praktiske rundt blomster etc, Sogndal: kulturavdelinga bistår veterankontakt med praktisk)	Kvart år
17. mai	Lærdal kommune: 17. mai stoppar toget ved minnesmerke på Lærdalsøyri og legg ned ein blome/krans v. FAU. Sogndal kommune: Krans/blome nedlegging på Loftesnes (Eidsvollsmenn), Lægreidsplassen (svenskekrigane/ufredsåra), Fardal (svenskekrigane/ufredsåra, Fjærland, og ved Leikanger kyrkje (2. verdskrig).	SK: Kulturavdelinga i Sogndal kommune Lærdal: FAU	Kvart år

Veterantreff	NVIO arrangerer 3-4 veterantreff i regionen i året.	NVIO	3-4 x/år
FN-dagen 24.oktober	Markering av at FN-pakta blei etablert i 1945. Vurdere moglegheit og interesse for å formidle og dele veteranar si historie. a) Vurdere foredrag på ungdomsskule el.l (10. klasse) b) Ope foredrag t.d. på bibliotek	NVIO/ Veteranar i Sogn, saman med veterankontaktane	1/1-2028
Monument og minnesmerke	Skaffe oversyn over alle militære minnesmerke/monument i Sognakommunane a) Ta bilete og samle dei på kommunane si heimeside. c) Sjå til at desse blir vedlikehaldne og ivareta kommunen si eventuelle rolle i dette arbeidet.	Veterankontaktar	1/1-2027
Nytt, felles monument	Starte prosess for å få til eit nyare og meir dagsaktuelt fredsmonument i regionen.	NVIO/ Veteranar i Sogn, saman med veterankontaktane	1/1-2027

FELLES IVARETAKING OG OPPFØLGING

Regionen skal leggje til rette for god samhandling mellom kommunar, offentlege tenester og frivillige aktørar, slik at veteranar møter eit heilskapleg og kompetent tenestetilbod uavhengig av bustadkommune.

Kommunane har ansvar for å tilby nødvendige helse- og omsorgstenester til innbyggjarane. For fastlegar og kommunale tenester er det viktig å vere merksam på at teneste i internasjonale operasjonar kan føre til fysiske og psykiske helseplager – også lenge etter at tenesta er avslutta.

For å møte veteranar og familiane deira på ein trygg og kunnskapsbasert måte, må kommunen ha tilstrekkeleg kompetanse. Dette krev samarbeid med veteranane sjølve og aktørar med spesialkunnskap, både innanfor og utanfor Forsvaret. Informasjon og kurs er sentrale verkemiddel.

Etablering av **kommunal veterankontakt** vil gjere det enklare for veteranar å formidle behov og synspunkt, og sikre oversikt over hjelpetiltak og samarbeidspartnarar. Ei slik funksjon styrkjer koordinering og effektivitet i kommunen sitt arbeid.

Tiltak	Skildring	Ansvar	Frist
Opprette kommunale veterankontaktar	Kommunane opprettar kommunal veterankontakt. Veterankontakta har ansvar for å halde oversikt over kommunen sitt tilbod til veteranar og familiane deira. I tillegg skal veterankontakta ha kunnskap om sentrale aktørar innan feltet, og det tilbodet dei har.	Kommunedirektør i den einskilde kommune	1/3-2026

	Veterankontakt vil vere kommunen sitt kontaktpunkt for veteranar, andre samarbeidskommunar, aktørar innanfor feltet og for forsvaret.		
Veterankontakt/ressursgruppe for veteranane i regionen	Veteranar i Sognaregionen har ulike behov og er tilknytte fleire veteranorganisasjonar med stort geografisk nedslagsfelt. Veteranarbeidet i Sogn og Fjordane ved NVIO (kontaktinfo i vedlegg) har vore etablert i nokre år. Det vil likevel vere hensiktsmessig å ha eitt (eller fleire) kontaktpersonar/ ei ressursgruppe som kan bidra til arrangement etc. lokalt.	Referansegruppa + prosjektleiar	1/3-2026
Lågterskeltilbod psykisk helse for veteranar i Sognaregionen	Rask psykisk helsehjelp er eit gratis korttidstilbod i Sogndal og Luster kommune, Aurland og Vik har tilsvarande tilbod. Avtale om tenestekjøp som gjer tenesta tilgjengeleg for einskilde veteranar i Sognakommunar som ikkje har slikt tilbod.	Kommunedirektørar. Kontaktinfo til tilbod i vedlegg 1.	1/6-2026
Livsmeistringskurs for veteranar	Kartlegge behov og interesse for eige livsmeistringskurs for veteranar	Veterankontakt	1/1-2027

STYRKA KUNNSKAP OG FORSTÅING

Regionen skal arbeide for auka kompetanse og forståing om veteranar og deira situasjon i alle relevante tenester, slik at møtet med det offentlege pregar av respekt, kunnskap og samarbeid. Relevante tilsette i kommunane skal ha tilstrekkeleg kunnskap om temaet slik at ein kan tilby relevant støtte til einskildpersonar og instansar, t.d. born og unge som pårørande.

Forsvaret har lagt til rette for at den einskilde veteranen kan få overført helsejournalen sin frå tenesta si i forsvaret til fastlege eller andre helseinstitusjonar når vedkomande ønsker dette. Vidare har Forsvaret eit avgrensa helsetilbod til veteranar i forsvarets sanitet ved Institutt for militærpsykiatri og stressmestring (IMS), og ved Nasjonal militærmedisinsk poliklinikk (NMP). Dette er eit supplement til sivil helsevesen og eit lågterskeltilbod for veteranar frå internasjonale operasjonar. Forsvarets veteraneneste (FVT) og RVTS Vest har kompetansemiljø som kan bistå. Sjå kontaktinfo i vedlegg.

Tiltak	Skildring	Ansvar	Frist
Kompetanseheving veterankontaktar	For å sikre god oppfølging av veteranar og pårørande skal veterankontaktar få tilbod om kompetanseheving. Dette omfattar opplæring i kommunen sitt tilbod, nasjonale ressursar og samarbeid med relevante aktørar. Målet er å styrke kunnskapen og tryggleiken i rolla, slik at veterankontakten kan vere eit effektivt bindeledd mellom veteranar, kommunen og Forsvaret.	Veterankontakt (i samarbeid med RVTS Vest og FVT)	1/6-2026
Oversikt over ressurspersonar i kommunane	Kartlegge og vurdere kva yrkesgrupper/ personell som bør ha kjennskap til og kunnskap om oppfølging av veteranar	Veterankontakt	1/9-2026

Kompetanseheving for tilsette	Kompetanseheving for relevant personell i helse, oppvekst og kultur om psykisk helse, særlig med fokus på veteraner og veteraner sin familie. Vidareformidle relevante fagoppdateringar, kurs og tilgjengeleg e-læringsprogram (Som KS e-læringskurs om veteranar for kommunale aktørar)	Veterankontakt (i samarbeid med RVTS Vest og FVT)	1/1/2027
--------------------------------------	--	---	----------

INFORMASJON OG MEDVIT

Veteranarbeidet i regionen skal fungere som ei felles plattform for informasjon, kunnskapsdeling og medvit, både for veteranar, tenesteytarar og lokalsamfunnet som heilskap.

Tiltak	Skildring	Ansvar	Frist
Forankring	Veteranplanen skal sendast ut på open høyring gjennom Sognaregionen. Vidare skal planen forankrast politisk med vedtak i kommunestyra i dei seks Sognakommunane	Tenesteutviklar Sognaregionen + kommunedirektørar	Første kvartal 2026
Informasjon	Vedteke plan og kontaktinfo tilgjengeleg på kommunane/ IPS si nettside	Tenesteutviklar Sognaregionen	1/7-2026
Revidering	Planen skal reviderast årleg av veterankontaktene i etterkant av 8.mai-arrangementet.	Veterankontaktar	Årleg

FINANSIERING AV TILTAK

Tiltak finansierast over kommunane sine ordinære budsjett.

Det er ein føresetnad at alle kommunane sett av ein årleg sum på 25000,- til kompetanseheving, opprusting av minnesmerke og lokale minnemarkeringar (krans, blomster, utgifter til musikk, servering 8. mai osv).

Søknader om stønad til større arrangement går via allereie etablerte kanalar for søknader i Sognakommunane.



«Friheten er
ikke gratis.»

– **Joachim Rønneberg**
motstandsmann og veteran
fra andre verdenskrig

forsvaret.no/veteraner

#veteraner

Vedlegg 1: KONTAKTINFO

VETERANKONTAKT SOGNAREGIONEN	Kontaktinfo:
Aurland kommune: Folkehelsekoordinator Johnny Nielsen	johnny.nielsen@aurland.kommune.no Tlf.nr: 47 45 39 09
Lærdal kommune: kommunalsjef for samfunn, kultur og næring Trine Grøttebø	trine.grottebo@laerdal.kommune.no Tlf.nr: 92 22 38 74
Vik kommune: Torunn Rud	Torunn.Ruud@vik.kommune.no Tlf.nr: 94 79 56 43

KONTAKT KOMMUNAL HJELP	Kontaktinfo:
Aurland kommune Lågterskeltilbod, Psykisk helsehjelp - Unni Mette Flæthe, psykiatrisk sjukepleiar	Psykisk helsehjelp - Aurland kommune Tlf.nr: 95 98 46 45
Lærdal kommune: Psykisk helse og rus tilbyr lågterskel psykisk helse og støttesamtalar ved fagleiar Ingrid Hagen	Ingrid.Hagen@laerdal.kommune.no Tlf.nr: 90 50 65 01
Sogndal kommune - Rask psykisk helsehjelp:	90 71 55 45 (Kartlegging - Psykisk helsehjelp (KF-820-4640))

REGIONALE OG NASJONALE KONTAKTPUNKT	Kontaktinfo:
Familievernkontoret i Sogn og Sunnfjord	46 61 92 80
RVTS Vest	rvts@helse-bergen.no
Veterankontakt RVTS Vest: Nils-Petter Hauge	99 09 81 12
Forsvarets veteraneneste (FVT)	veteraner@mil.no
Kompetansemiljøet for veteransaker ved NAV Elverum	www.nav.no/veteran

FORSVARET og VETERANORGANISASJONAR		Kontaktinfo:
Norges Veteranforbund for Internasjonale oppdrag (NVIO) avdeling Sogn og Fjordane		post@sognogfjordane.nvio.no
Kameratstøttetelefonen		800 48 500
Forsvaret si open dør (tilbud til alle veteraner og deres familier)		800 85 000
Forsvarets grønne linje, eit samarbeid mellom Forsvaret og Kirkens SOS		800 30 445
Institutt for militærpsykiatri og stressmestring (IMPS)		23 09 79 30
Forsvarets veteransenter - Bæreia		62 82 01 00
Se også informasjon på forsvarets hjemmesider: https://www.forsvaret.no/veteraner		

VEDLEGG 2 – Om Forsvaret si oppfølging

Forsvaret har ei rekkje tilbod til veteranar og familiane deira både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar. Forsvaret har eit oppfylgingsansvar i eitt år etter heimkomst. Nokre tilbod og kontaktpunkt kan nyttast heile livet.

Det er viktig å etablere eit godt sivil-militært samarbeid der dette er naturleg. Kommunar bør fylgjeleg ha eit lokalt samarbeid med forsvaret der dei har avdelingar. Forsvaret si veteraneneste er eit sentralt kontaktpunkt for kommunane.

Før, under og etter operasjonen

Før utreise arrangerer Forsvaret fellessamling for soldatane og familiane deira. Her får familien informasjon om operasjonen og sikkerheitssituasjonen. Dei får tips og råd om korleis dei best kan ta vare på born og forhold til andre nære relasjonar. Familien får også møte andre pårørande.

Under utanlandstenesta har forsvaret ein døgnopen kontakttelefon for pårørande. Via denne telefonen kan viktige meldingar formidlast til dei som er ute. Forsvaret arrangerer familiesamlingar undervegs der det er formålstenleg, og vidareformidlar informasjon frå operasjonsområdet til dei pårørande. På veg heim frå operasjonen har dei tenestegjerande som regel eit opphald på to til tre dagar, kalla mellomlanding. Overgangen til livet heime er ofte stor. Under mellomlandinga vert det gjennomført debrief, samtale med psykolog og erfaringsgjennomgang. Ved heimkomst til Norge blir det halde ein medaljeseremoni for å heidra soldatane. Dei pårørande blir inviterte til seremonien.

Tre til seks månader etter avslutta utanlandsopphald får alle veteranane ei oppfølging frå Forsvaret. Her blir det mellom anna stilt spørsmål om korleis den fyrste tida etter heimkomst var.

Etter eitt år arrangerer forsvaret ei samling der personellet møter kvarandre att for å dele erfaringar om korleis det var å kome heim. På denne samlinga deltek psykolog.

Forsvaret si oppfylgingsplikt vert avslutta eitt år etter heimkomst. Alle kan likevel når som helst kontakta Forsvaret for spørsmål og informasjon om rettar, hjelp og tilbod.

Forsvaret sitt veteransenter

Senteret på Bæreia, utanfor Kongsvinger, er eit rekreasjons- og aktivitetstilbod som kan nyttast av veteranar og familiane deira.

Forsvaret sitt veteransenter kan brukast både før, under og etter teneste i internasjonale operasjonar, og tilbyr mellom anna gratis opphald for veteranar og familiemedlemmer til ein som tenestegjer i internasjonale operasjonar. Senteret kan òg nyttast under permisjon frå utanlandsteneste og til gjensynstreff for avdelingar.

Forsvaret si opne dør

Forsvaret si opne dør for veteranar og veteranfamiliar er eit tilbod til alle veteranar og familiane deira. Her kan ein få svar på spørsmål om dekorasjonar, dokumentasjon og internasjonale operasjonar, samt råd og rettleiing om Forsvaret og samfunnet sine ulike tilbod til veteranar – uavhengig av når og kvar tenesta var.

Opne dør består av eit tverrfagleg team med både militært og sivilt tilsette. Teamet har lang erfaring med å gi råd og rettleiing til veteranar og familiane deira. Dei fleste i dette teamet er òg sjølv veteranar frå internasjonale operasjonar. Kontaktinfo i vedlegg 1.

VEDLEGG 3 – Veterankontaktane og deira oppgåve

Veterankontakten er kommunen sitt bindeledd mellom veteranar, pårørande, Forsvaret og andre aktørar. Rollen skal sikre at veteranar og familiane deira får tilgang til relevante tenester og informasjon. Veterankontakten skal ha god kjennskap til kommunen sin veteranplan, oversikt over lokale og nasjonale tilbod, og bidra til samarbeid og kompetanseheving internt i kommunen. Det er ikkje krav om at veterankontakten sjølv er veteran, men personleg eignaheit og interesse for feltet er viktig.

Oppgåver for veterankontakten

1. **Ha oversikt over kommunen sitt tilbod** til veteranar og pårørande.
2. **Kjenn til kommunen sin veteranplan** og bidra til oppfølging av tiltak.
3. **Oppdater informasjon** til veteranar og pårørande på kommunen sine nettsider og andre kanalar.
4. **Bygg nettverk** med andre veterankontaktar i regionen for erfaringsutveksling og kompetanseheving.
5. **Ha kunnskap om sentrale aktørar** (Forsvaret, NAV, RVTS, veteranorganisasjonar) og deira tilbod.
6. **Vere kontaktpunkt** for veteranar, pårørande, Forsvaret, andre kommunar og frivillige organisasjonar.
7. **Bidra til kompetanseheving** for kommunalt tilsette som møter veteranar (skule, helse, barnevern).
8. **Delta på kurs og samlingar** for å halde seg oppdatert på veteranfeltet.
9. **Legg til rette for markeringar og møteplassar** for veteranar i kommunen, i samarbeid med NVIO.
10. **Rapporter status og behov** til IPR/Sognatinget for vidare utvikling av veteranarbeidet



Sognaregionen